

Saksliste FAU-møte

Tid: tysdag 14. Mars 2023 klokken 18:00-20.00

Sted: Lærarværelset, Brattholmen skule

Innkalla: Alle FAU representantar 2022/23

Namn	Klasse	Verv
Sturle Halleraker	1b	Kasserer
June Dåvøy	1a	Trivsels ansvarleg, fotograf ansvarleg Klassekontakt ansvarleg (Tema- og klassekontakt ansvarleg) Skolebuss, Juleavslutnings komité
Lillian Paulsen Sjørebø	2a	Brattisdisco ansvarleg
Kristine Melsbø	2b	17mai komité ansvarleg
Christine Bildøy Asheim	3a	17mai komité ansvarleg Nestleiar FAU, SMU, SU, KFU
Magne Bringedal	3b	Brattisdiscoansvarleg, Juleavslutnings komité
Anne Mette Lone	4a	Trafikkgruppa, Juleavslutnings komité (Leiar FAU, SMU, SU, KFU)
Rolf Martin Indrebø	4b	Brattisdisco ansvarleg
	5a	
Cecilie Bernestangen	5b	Trivselsansvarleg, fotografansvarleg Klassekontaktansvarleg (Tema- og klassekontaktansvarleg) Skulebuss
Toril Algrøy	6a	Kasserar
Tonje Nilsen	6b	Sekretær
Hilde Sjøviknes	7a	Trafikkgruppa
Torbjørn Marøy	7b	

1. Rektors kvarter:
 - Rektor orienterte om språkbruk i/ på skulen. Det er ei merkbar forbetring etter stort fokus på korleis vi snakkar på skulen.
 - I småskulen er leik blitt ein del av undervisninga. Mykje læring med leik, både fagleg og sosialt.
 - Gjennomgang av skisser og planar for det nye uteområdet på skulen.
27. mars er det entreprenør på befarings på uteområdet på skulen.
Uteområdet (fase 1) skal etter planen vere ferdig til nytt skuleår. Informasjon om den nye skuleplassen blir lagt ut på FAU si Facebookside – FAU Brattholmen Skule.
 - Etter påske blir det saksing av friminutta når arbeidet startar opp på grunn av mindre uteareal på den store skuleplassen.
 - ★ Skulen får nytt prydtre – «Apeskrek» – som er tenkt som juletre.
Flyttast til skulen ila våren frå anna område nærliggande skulen.
 - ★ I forbindelse med utbygging av Maimyra skal det gamle skolebygget som står i krysset mot Snekkevik flyttast inn på Maimyra og pussast opp/ restaurerast.
Planen er at skulen kan nytte bygget i skuletida.
 - Utviklingssamtaler pågår.
 - Veke 13 er det matematikkens veke på skulen på alle trinn.
 - Skulen er i gong med arbeid knytt til overføring til ungdomsskulen.
 - Til hausten kjem det ca. 60 nye førsteklassingar. Disse er førespegla i 3 klasser.
 - Ledig stilling som avdelingsleiar på skulen.
 - ★ Skulen er blitt so stor at det no er behov for to avdelingsleiarar.
Ein for småtrinnet og ein for mellomtrinnet.
 - Ny miljørettleiar starta i stillinga 1. januar. Er komme godt i gong, Er engasjert både i skulen og SFO.
 - Gebyr for leige av gymsalen - Kommunen pålagt skulene å ta 500,- for leige av lokale.
Rektor har valt å ikkje innføre dette. Vil unngå dette så lenge som mogleg.
2. Gjennomgang av økonomi v/ Torill
 - Alle klassar har søkt og fått støtte til klassekasse frå FAU for skuleåret 22/23.
 - FAU kasserer endeleg registrert som brukar av eigen konto 😊
 - Per i dag er det ca. 38 000,- på FAU sin konto.
3. Informasjon etter SU/ SMU møte 24. januar.
Førrige møte (23.02.23) vart kansellert.

SAKER MELDT INN TIL FAU:

4. Skadedyr i gymsal og garderobar
 - Rektor tatt dette vidare til drift. - FAU følger opp saka.
 - ★ Ynskjer tiltak for å forhindre at skadedyr kjem i klede og sekkar til elevar og inn i private heimar.
5. FAU har vore med å sponsa 50 % av bussutgiftene til to turar – vedtatt også for kommande skuleår;
 - Skidag til Kvamskogen for 6. trinn.
 - Tur til Tyssøy for 1.-4. trinn.

6. Utleige av bord i gymsalen og til privatpersonar:
 - FAU fått tilbakemelding om at mange bord er øydelagde.
 - ★ 10 nye bord blir kjøpt inn før 17. mai.
 - Vedtatt retningslinjer for leige av bord og stolar:
 - ★ «Bord og stolar kan lånast i forbindelse med arrangement i gymsalen eller på skulen sitt område» Dette for å minimere slitasjen der vi kan.
 - Tidlegare har bord/stolar vore leigd som tillegg i forbindelse med leige av gymsal:
 - ★ Vedtatt eigne retningslinjer/ leigeprisar (300 kr) for privatpersonar som leiger til private arrangement som ikkje er i regi av skulen/ for skuleborn.

7. Innspel frå forelder om skuleskyss og problematikk rundt busskort for elevar med SFO
 - Ønska at vi la fram saka for informasjon og kartlegging for framtidige saker. Til info.

8. Kartlegging av fotograf for skulen
 - Per d.d. Åshild Meling – fine bilete, litt problematikk rundt tilgjengelegheit av bilete.
 - FAU ynskjer å invitere Lima Foto til brif om sine produkt på neste møte.

9. Innspel frå 17. Mai komité:
 - Avtalt med Fjellklang at dei spelar på 17. Mai som tidlegare (kvart 2. år) .
 - Full kontroll på betasuppa til festen – tradisjonen tru.
 - Loddbøker blir utlevert ila. veke 13.

10. Sikkerheit rundt bruk av Chromebook heime / utanfor skulens nettverk.
 - FAU ynskjer klarare retningslinjer for bruk at Chromebook.
 - Ståande spørsmål om digitale spor blitt sletta. Takast vidare med IT i kommunen.

11. Tilbod om teater i SFO-tida for 3. og 4. trinn.
 - ★ Eit gratistilbod frå kulturskulen som borna kan velgje som ein aktivitet på lik linje med inne-/ uteleik.

12. FAU leiar har sendt mail til fylkeskommunen, ventar tilbakemelding. Trafikksikker skuleveg. Jobbe vidare med sikkerheita mot Ebbesvik og Arefjord.
 - I Arefjord er det ynskje om fortau og gangfelt.
 - Mot Ebbesvik er det ynskje om fartsdemparar og nedsett fartssone.

13. FAU planleggje følgande foredrag i løpet av våren;
 - "Barnevakten" som tidlegare om nettvett – i regi av rektor, FAU sponsar.
 - Ynskje om å få kommunepsykolog i kommunen til å holde foredrag om sinne hos barn eller eventuelle andre tema som er nyttige for foreldre/føresette.

14. Sette opp årshjul og arbeidsfordeling rundt ulike arrangement (haust-vinter-vår)
 - ★ Foredrag for foreldre – opne for innspel til gode foredrag
 - ★ Reflekskampanje - sponsorar
 - ★ Juleavslutning
 - ★ *Bytte-utstyr dag (januar – februar)*
 - ★ Vinterdag for 6. trinn på Kvamskogen – 50% spons av buss
 - ★ 17. Mai
 - ★ Foredrag for 4. trinn – born og vaksne – “Barnevakten”
 - ★ Vårdans for mellomtrinnet
 - ★ Innsamlingsaksjonar til skulen / dugnad for utbetringar?
 - ★ Utfart til Tyssøy - 1.4. trinn – 50% spons av buss

15. Informasjon som blir lagt ut på FAU si side på facebook:

Kommande foredrag og arrangement frå FAU:

- ★ Barnevakten
- ★ Kommunepsykologane

Frivillige organisasjonar som kan engasjere born og vaksne:

- ★ Røde Kors
- ★ Kommunen sine fritidstilbod – ung@oygardenkommune.no
- ★ Informasjon om BUA – gratis leige av utstyr

Klare retningslinjer for leige av gymsal – forventningar og krav ved leige

- ★ Klager etter Brattisdisko

Vegleiarde retningslinjer frå FAU og skule for internett, sosiale media og tilgjengelegheit for born. Stor variasjon frå born til born.

Felles praksis for bruk av pengar frå klassekassane for i gi gåve til lærarar;

- ★ Kor mye og kor ofte er det greitt å gi gåve, samt beløpsgrense er opp til klassane.

FAU legger fram forslag til retningslinjer:

- Per halvår - 150 kroner (per lærar)
- Ein gong i året - 300 kroner (per lærar)

Felles praksis for bursdagsgåve;

- ★ FAU ser på denne saka som individuell per klasse/trinn og må behandlast der etter.
- ★ Klassekontaktane må ta dette opp med gruppe/klasse dei representerer.

FAU legger fram forslag til retningslinjer:

- Om felles klassegåve – 400 kroner maks.
- Om gåve til med elev – 100 kroner maks.
- Om ønske om å gi pengar – 50 kroner.

Kom gjerne med forslag til aktivitetar / arrangement FAU kan vere med å arrangere. Pengar som kjem inn til FAU går rett tilbake til elevane og tilrettelegging for elevane.